

650 000 tapte årsverk i 2009

Av: JORUNN FURUBERG OG OLA THUNE

SAMANDRAG

Summen av talet på personar som mottek trygdeytningar frå NAV på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid, gir ikkje eit rett bilete av kor mange personar som er utanfor arbeidsmarknaden på grunn av desse tilhøva. Ved å ta omsyn til at mange har graderte ytingar, og at mange er heilt eller delvis arbeidslause utan at dei mottek dagpengar eller andre stønader frå NAV, har vi laga eit estimat på kor mange uarbeidde årsverk som skuldast mangel på ordinært arbeid eller dårleg helse.

Ved utgangen av 2009 var det om lag 650 000 årsverk som gjekk tapt på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid. Dette er ein auke på i underkant av 55 000 årsverk, eller 8,9 prosent, samanlikna med tal for 2008. Dei tapte årsverka svarar til 20 prosent av folkemengda i alderen 16–66 år. Sjølv om det var ein vekst i alle stønader/arbeidsmarknadsstatusar som danner grunnlaget for estimatet på tapte årsverk, skuldast veksten i 2009 først og fremst lågare etterspurnad etter arbeidskraft. Mangel på ordinært arbeid står for ein auke på nær 32 000 tapte årsverk, eller 59 prosent av auken frå 2008 til 2009.


INNLEIING

NAV produserer regelmessig statistikk over arbeidslause, mottakarar av uføretrygd, personar med nedsett arbeids-evne og sjukefråvær. Denne statistikken viser kor mange personar som til ei kvar tid er arbeidslause eller mottakarar av trygdeytningar, men gir oss ikkje noko bilete av kor mange årsverk som går tapt på grunn av dårleg helse og arbeidsløyse.

I offentlege utgreiingar og i nokre forskingsrapportar har summen av personar som mottek ulike stønader frå NAV vorte nytta som eit mål på urealisert innanlandsk arbeidskraftspotensiale, eller eit mål på kor mykje offentlege utgifter kunne vore redusert dersom alle desse var i arbeid. Sidan mange mottek meir enn ein type stønad til same tid, eller arbeider ved sida av ei gradert trygdeytning, vil summen av alle som er arbeidslause eller mottek ei trygdeytning ikkje gi eit rett bilete av kor mange årsverk som går tapt på grunn av dårleg helse og arbeidsløyse. Ved å summera alle mottakarar av ulike trygdeytningar, vil ein lett overvurdere talet på årsverk som går tapt og talet på personar tapt for arbeidsmarknaden. Det er til dømes ikkje uvanleg at ein person mottar delvis rehabiliteringspengar (til dømes 50 prosent) og delvis uførepensjon (til dømes 50 prosent) samstundes. Ved kopling mellom dei to aktuelle stønadsregistra, vil denne personen berre telja som eit tapt årsverk, og ikkje som to personar tapt, som ville vore tilfelle dersom ein ikkje kopla registra. På den andre sida vil ein lett kunna underestimere talet på tapte årsverk dersom ein berre tel opp stønadmottakarar. Mange er heilt eller delvis arbeidslause utan at dei mottek stønader

frå NAV. I denne analysen har vi prøvd å ta omsyn til desse faktorane så godt det let seg gjera ut i frå tilgjengeleg datamateriale. Vi har teke utgangspunkt i dei trygdeytningane og arbeidsmarknadsstatusane som er direkte knytt til dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid. Ved å kopla saman dette datamaterialet er det justert for at fleire av desse personane mottek meir enn ein stønad på eit og same tidspunkt.

Figur 1:
Estimat på tapte årsverk ved utgangen av året.
1992–2009.



KILDE: NAV

Data og analyse

Tala i denne artikkelen baserer seg på data over beholdninga av personar som ved utgangen av kvart av åra frå og med 1992 til og med 2009, er på ein eller fleire av følgjande stønader/arbeidsmarknadsstatusar:

Varig uførepensjon, tidsavgrensa uførestønad, sjukefråvær, rehabiliteringspengar, nedsett arbeidsevne (yrkesvalhemma), heilt arbeidslaus (med og utan dagpengar), delvis arbeidslaus (med og utan dagpengar) eller deltakar på ordinære arbeidsmarknadstiltak.

I tillegg til at ein person kan ha meir enn ein stønad, er det heller ikkje uvanleg for ein stønadmottakar å ha ein gradert stønad, og mange arbeider noko ved sida av ein gradert stønad. Kor mykje ein stønadmottakar arbeider, er estimert på grunnlag av den såkalla graderingsandelen i saksbehandlingssystema for uføreytingar og rehabiliteringspengar. Når det gjelder estimat på kor mykje delvis arbeidslause og mottakarar av attføringspengar arbeider, er det brukt opplysningar frå meldekorta som viser arbeidstimar for delvis arbeidslause med dagpengar og for mottakarar av attføringspengar. Delvis arbeidslause utan dagpengar fører ikkje opp arbeidet på meldekortet, slik at det for denne gruppa er lagt til grunn at dei arbeider i gjennomsnitt like mykje som delvis arbeidslause med dagpengar.

Det er vidare lagt til grunn at alle som tek del i ordinære tiltak eller tiltak for personar med redusert arbeidsevne, og som mottok løn frå arbeidsgjevar eller individstønad frå NAV, gjer dette på heiltid.

Tapte årsverk til sjukefråvær er estimert med bakgrunn i tal over tapte dagsverk i sjukefråværsstatistikken. Denne statistikken omfattar legemeldt sjukefråvær for alle arbeidstakarar busett i Noreg med arbeidsforhold registrert i AA-registeret.

På grunn av at det berre er data for talet på sjukefråværsdagar tilbake til 2000, er talet på sjukefråværsdagar for åra 1992 – 1999 estimert ved å anta at forholdstalet mellom sjukefråværsdagar totalt og talet på sjukemeldingsdagar totalt er det same i den perioden som det var i gjennomsnitt for perioden 2000 – 2008.

Talet på tapte årsverk kjem fram ved å summere saman årsverk som ved utgangen av eit år anten mottok heilt eller delvis ein eller fleire av stønadene nemnd innleiingsvis, eller som heilt eller delvis var i ein av dei nemnde arbeidssøkjarsstatusane.

Talet på tapte årsverk gir dermed ei uttrykk for talet på årsverk som går tapt i produksjonen av varer og tenester, som følgje av arbeidsløyse eller helseproblem blant personar i arbeidsdyktig alder.

Når vi i denne artikkelen brukar omgrepet tapte årsverk, er ikkje dette eit uttrykk for at vi meiner at det er realistisk eller ønskeleg at alle desse årsverka kunne vore arbeidde årsverk. Det vil alltid vera slik at ein del av folkemengda i yrkesaktiv alder ikkje har helse til å kunna arbeida. Det er også urealistisk å tenkja seg ein situasjon heilt utan arbeidsløyse.

Frå og med mars 2010 blei ordningane tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar og attføringspengar avvikla og erstatta av ei ny ordning, arbeidsavklaringspengar. Denne endringa påverkar ikkje tala for 2009.

Denne artikkelen er ei oppdatering av tidlegare artiklar, sist publisert i Arbeid og velferd nr 3/2009 (Furuberg og Årethun), med tal for 2009.

UTVIKLINGA I TALET PÅ TAPTE ÅRSVERK 1992–2008

Figur 1 viser utviklinga i talet på tapte årsverk i perioden 1992 til 2009, totalt og etter stønadstype/arbeidsmarknadsstatus. Utviklinga i tapte årsverk i prosent av folkemengda i yrkesaktiv alder er vist i figur 2.

Frå 1992 til 1998 minka talet på tapte årsverk som følgje av dårleg helse eller arbeidsløyse, frå om lag 555 000 til 480 000, eller frå 19,8 prosent til 16,5 prosent av folkemengda i alderen 16–66 år. Den viktigaste årsaka til dette er konjunkturoppgangen som starta i 1993 og som førte til færre tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse. Frå 1998 auka igjen talet på tapte årsverk, og nådde ein topp i 2003 med 640 000, svarande til 21,4 prosent av folkemengda i yrkesaktiv alder. I denne perioden auka alle stønads- og arbeidssøkjargrupper. I perioden 2004–2007 gjekk talet på tapte årsverk ned. Dette skuldast i hovudsak ei tilstramming på arbeidsmarknaden med færre tapte årsverk blant heilt arbeidslause, delvis sysselsette og tiltaksdeltakarar. Omlegginga av regelverket for sjukepengar i 2004 førte også til ein kraftig nedgang i talet på tapte årsverk på grunn av sjukefråvær i 2004 og 2005.¹ I 2007 var talet på tapte årsverk, rekna i prosent av folkemengda i alderen 16–66 år, det lågaste sidan 1999. Nedgangen i talet på tapte årsverk i 2007 skuldast først og fremst ein sterk nedgang i arbeidsløysa, men også talet på årsverk tapt som følgje av nedsett arbeidsevne minka.

I 2008 auka talet på tapte årsverk igjen. Årsaka til dette var først og fremst ein auke i talet på tapte årsverk som følgje av konjunkturedgangen som starta i 2008. Også ein auke i sjukefråværet i 2008 førte til fleire tapte årsverk.

¹ Ei meir utfyllande utgreiing om utviklinga i tapte årsverk 1992–2006 er å finna i Arbeid og velferd nr.4/2007 i artikkelen «580 000 tapte årsverk».


AUKE I TALET PÅ TAPTE ÅRSVERK I 2009

I 2009 auka talet på tapte årsverk med i underkant av 55 000, slik at det til saman var i overkant av 650 000 tapte årsverk ved utgangen av året. Dette svarer til 20,0 prosent av folkemengda i alderen 16 – 66 år. Talet på tapte årsverk auka innfor alle stønadstypar/statusar, men den viktigaste forklaringa på auken er tilhøva på arbeidsmarknaden. Nedgangskonjunktoren, som starta i 2008, held fram i 2009 med ein auke i talet på arbeidslause, samstundes som talet på ordinære tiltaksdeltakarar auka. Tapte årsverk på grunn av mangel på ordinært arbeid, rekna som summen av tapte årsverk for heilt arbeidslause, delvis arbeidslause og deltakarar på ordinære tiltak, står for 59 prosent av den totale auken.

Tapte årsverk for personar med uførestønader auka med 1,3 prosent. Dette er den lågaste auken sidan 1996. Dersom vi korrigerer for endringar i alderssamansetjinga i folke- mengda, har det samla talet på uføre vore om lag uendra sidan 2001.


Blant motakarar av rehabiliteringspengar var det ein auke i talet på tapte årsverk med i underkant av 17 prosent frå 2008 til 2009. Auken skuldast mellom anna ein vekst i talet på personar som har brukt opp retten til sjukepengar, samt mindre avgang frå rehabiliteringspengar på grunn av lengre vedtaksperiodar. Tapte dagsverk som følgje av sjukefråvær har auka med 5,7 prosent frå 2008 til 2009. Dette er ein litt lågare auke enn frå 2007 til 2008. Tapte årsverk for personar med nedsett arbeidsevne har auka med 7,3 prosent frå 2008 til 2009.

Figur 2:
Estimat på tapte årsverk i prosent av folkemengda i alderen 16–66 år ved utgangen av året. 1992–2009.



KILDE: NAV

Figur 3:
Utviklinga i estimerte tapte årsverk ved utgangen av året, etter stønadstype/ arbeidsmarknads- status. 1992–2009. 1992=100 %.



KILDE: NAV

UTVIKLINGA I TAPTE ÅRSVERK ETTER STØNADSTYPE/ARBEIDSMARKNADSSTATUS

Figur 3 viser utviklinga i tapte årsverk innan dei ulike stønadsordningane/ arbeidsmarknads-statusane i perioden 1992 til 2009. Samla for heile perioden har det vore størst auke i talet på tapte årsverk som følgje av nedsett arbeidsevne. Frå 1992 til 2004 meir enn dobla dette talet seg. Etter 2004 var det ein nedgang i talet på tapte årsverk som følgje av nedsett arbeidsevne, men talet har igjen auka noko i 2009. Tapte årsverk som følgje av uføretrygd har auka jamt sidan midten av 90- talet. Frå midten av 90- talet og fram til 2003 auka også talet på tapte årsverk som følgje av sjukefråvær kraftig. Endra regelverk førte til ein nedgang i 2004 og 2005, men frå 2006 har talet på tapte årsverk på grunn av sjukefråvær igjen auka. Tapte årsverk blant personar som mottek rehabiliteringspengar vaks kraftig i perioden 1995 til 2003. I 2004 blei det gjennomført ei endring i regelverket for rehabilitering, noko som førte til ein nedgang i talet på tapte årsverk. I 2009 var det igjen ein auke i talet på tapte årsverk som følgje av rehabiliteringspengar.

Talet på heilt eller delvis arbeidslause og deltakarar i arbeidsmarknadstiltak varierer sterkt med konjunktursituasjonen. I 1988 kom norsk økonomi inn i ein kraftig nedgangskonjunktur. I 1992 var om lag 200 000 årsverk tapt som følgje av mangel på ordinært arbeid. Konjunkturane snudde i 1993, og figur 3 viser at talet på tapte årsverk som

følgje av tilhøva på arbeidsmarknaden minka sterkt frå 1993 til 1998. Framover mot 2003 auka igjen talet på tapte årsverk som følgje av mangel på ordinært arbeid. Oppgangskonjunkturen dei påfølgjande åra førte til ein sterk reduksjon i dette talet, til i underkant av 60 000 i 2007. I 2008 snudde igjen konjunkturane, og talet på tapte årsverk som følgje av arbeidsløyse auka i 2008 og 2009.

AUKE I TALET PÅ TAPTE ÅRSVERK OGSÅ I 2010?

Frå 1. mars 2010 blei ordningane med tidsavgrensa uføretrygd, rehabiliteringspengar og attføringspengar avvikla, og erstatta med arbeidsavklaringspengar. Mottakarar av arbeidsavklaringspengar blir i NAV sin statistikk klassifisert som personar med nedsett arbeidsevne. Dette gjer at ein ikkje utan vidare kan samanlikna utviklinga til no i 2010 med utviklinga i 2009. Statistikken til no i år viser at det har vore ein vekst i talet på personar i gruppa nedsett arbeidsevne, når vi samanlikna med summen av mottakarar av rehabiliteringspengar, tidsavgrensa uføretrygd og personar med nedsett arbeidsevne i 2009.

Sjukefråværstala for 1. kvartal i 2010 viser ein nedgang i sjukefråværet samanlikna med tilsvarende periode i fjor. Mottakarar av uføretrygd viser ein liten auke frå 2. kvartal 2009 til 2. kvartal 2010. Utviklinga i talet på tapte årsverk som følgje av dårleg helse vil truleg vera mest avhengig av utviklinga i talet på personar med nedsett arbeidsevne.

NAV ventar at arbeidsløysa ved utgangen av 2010 vil vera om lag på nivå med utgangen av 2009. Når det gjeld tapte årsverk som følgje av mangel på ordinært arbeid, målt ved utgangen av året, ventar vi små endringar frå 2009 til 2010.

REFERANSAR:

Furuberg, Jorunn og Årethun, Thorbjørn (2009). «595 000 tapte årsverk». *Arbeid og velferd 3-2009*. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Kann, Inger Cathrine og Årethun, Thorbjørn (2007). «580 000 tapte årsverk». *Arbeid og velferd 4-2007*. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.